



Magnar Askeland
Rosslandsvegen 293
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/919 - 19/16081

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
24.07.2019

Godkjenning av søknad om jordpåfylling og planering av jordbruksareal på Gbnr. 22/4 Mjåtveit

Administrativt vedtak. Saknr: 161/2019

Saksutgreiing:

Magnar Askeland søker i søknad dagsett 22.04.2017 om løyve til jordpåfylling og planering av eit areal på Gbnr. 22/4 på Mjåtveit. Arealet er på 12 daa og består av om lag 8,5 daa innmarksbeite og om lag 3,5 daa fulldyrka jord i AR5 gardskartet. Det dyrka arealet er slåtteareal og har gjeve gode avlingar og er såleis eit viktig grunnlag for gardsdrifta. Innmarksbeite vert nytta i samband med drifta. Søkjar driv mjølkeproduksjon, og har i tillegg noko sau. Mjølkeproduksjon krev mykje fôr av god kvalitet. Søkjer opplyser at arealet i dag er kupert og ulendt med svært blaute parti. Som følgje av dette er arealet vanskeleg å drive maskinelt. Han vil fylle på mellom 0-4 meter jord på arealet for å få eit betre beite og slåtteareal. Arealet eignar seg godt for nattbeite for kyr, og ligg ved fjøset på bruket. Det er ikkje planlagt å fylle opp høgare enn dei høgaste punkta på knausane inne på beitet.

Heile det omsøkte arealet er dyrka mark, og det er myrjord som er jordtypen på desse areala. Myrjord er den vanlegaste jordarten her i regionen. Myrjorda har eit naturleg høgt jordsvinn som følgje av naturlege prosesser, men det inneber at jordlaget vert gradvis tynnare. Dette er årsaken til at areala har blitt kupert og delvis blaute. Søkjar vil tilpasse påfyllinga til terrenget slik at det vert naturleg overgang til tilgrensande areal. Området er trekt vekk frå steingard og høgspenteledning. Det er god vegtilkomst til arealet, og søker vil nytta i stor del eksisterande vegar. Det er skissert i søknaden ein voll/anleggsveg i sørvestre del av området, slik at vatnet ikkje renn ned i vegen og vidare mot hus og bygningar. Det vil også bli lagt eit stort drenerør i botn av området. Søkjar opplyser vidare at området ligg høgare enn omkringliggende terreng, og at det vil redusere sigevatn frå andre området. Vidare er søker kjent med naturverdiane på arealet og torvhus i området, og det skal takast omsyn til desse.

Søkjar har tidlegare fått løyve på areal nord og nordaust for det omsøkte arealet i administrativt vedtak saknr. 106/2015 og 362/2017. Desse areala er i hovudsak ferdig og i drift, og eit mindre areal er i sluttfasen er planlagt tilsådd i august.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Administrasjonen har vurdert tiltaket som søknadspliktig etter ureiningsforskrifta Kap.4 , §§ 4-1 ,4-2 og 4-4.

Vurdering:

Det naturlege jordsvinnet som myrjord har, gjer at det vil over tid kunne vere vanskeleg å oppretthalde kvaliteten på dyrka mark. Areal som tidlegare har vore lette å drive maskinelt vil bli kupert og ulendt, i tillegg kan areal bli blaute som følgje av at dreneringa vil bli dårlegare når jordsmonnet blir tynnare. Dette gir utfordringar for å nytta areal rasjonelt slik at dei kan haustas maskinelt. I vår region kor mykje nedbør ikkje er uvanleg kan store utfordringar med å få nok fôr/ oppretthalde fôrproduksjon. Særleg for mjølkeprodusentar er mengde og kvalitet viktig, mjølkeproduksjon krev mykje fôr av høg kvalitet for å sikre god produksjon. Det er også viktig at ein har tilgang på gode beiter nært driftssenter, slik at ein kan halde produksjonen også om sumaren. Ein ser også at beiter med fuktige område kan få ein del tråkkskader/slitasje, som vil påverke beite negativt.

Administrasjonen har vurdert at tiltaket ikkje er strid med LNF-føremålet, då bruken av areal vil vere jordbruksproduksjon etter gjennomføring av tiltaket. Arealet ligg inne som forslag til areal for jordforbetring/mottak av overskotsmasser i samband med rullering av kommuneplanens arealdel på deltema. Denne er ikkje vedteke enno.

Søklar opplyser i søknaden at det skal lagast ein voll/anleggveg i sørvestre del av området. Denne skal sikra at vatn ikkje renn ned mot vegen og kringliggande bygg. Vidare skal vollen fungere som ein anleggsveg for området ved planering av massane. Arealet ligg på ei vasskille og det er lite areal som har avrenning inn mot området. Søklar har opplyst området rundt bustadhuset på bruket som ligg ovanfor er drenert, å går i røyr gjennom området. Det er difor låg sannsynlighet for at det kjem vatn inn på det omsøkte arealet frå andre områder. Det er ikkje planlagd voll i den søraustlege delen av arealet. Her skal jorda skråast ned på slåttemarka. Resten av dette slåttearealet er i drift og ligg lågare enn vegane rundt, slik at vatnet ikkje vil renne vidare anna enn i gjennom jorda og dreneringssystem dersom det kjem vatn på arealet. Det er planlagd å nytta relativt tørre avgravingsmassar, og ikkje myrjord då dette arealet ikkje er egna for dette. Transporten skal skje via eksisterande avkøyring frå fylkesvegen og inn på eksisterande landbruksvegar.

Påfyllingshøgde vil vere 0-4 meter opp frå eksisterande terreng, og det skal tilpassast terrenget slik at ein kan pussa beiter og slå maskinelt. Jorda vil sige saman noko etter påfylling slik at ferdig seggen terrengheving vil ikkje bli 4 meter.

Søknaden har vore sendt på høyring , søknaden vart sendt til Hordaland fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune. Hordaland fylkeskommune som kulturminnemynde har ikkje motsegn, men ber om at ein under opparbeiding søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle landskapselement som steingarder eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Hordaland fylkeskommune viser også til at dersom det blir funne kulturminnefunn som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller restar av konstruksjonar under arbeidet, må arbeidet stansast og kulturminnemynde varslast, jf. Meldeplikta etter kulturminnelova §8, 2 ledd. Meland kommune ved kulturavdelinga har ikkje motsegn, men skriv; Aust for markert område står tre SEFRAK-registrerte bygg: 1256 0207 019 – torvhus, 1256 0207 020 – torvhus, 1256 0207 021 – torvhus. Vidare er det steingard i sør mot gbnr. 22/7. Desse kulturminna må ikkje råkast av omsøkte tiltak eller under arbeidet.

Administrasjonen meiner at tiltaket ikkje kjem i konflikt med torvhusa eller steingarden, då området er trekt vekk frå steingarden. Vidare vert området avgrensa før høgspanten som står mellom omsøkt areal og torvhus. Søklar er også kjent med disse bygga og steingarden, og opplyser i søknaden at dei ikkje vert råka

av tiltaket. Men administrasjonen vil understreke at det må takast omsynslik at dei ikkje vert påverka av tiltaket eller undervegs i arbeidet, og vil sikre dette som vilkår i løyve.

Administrasjonen har vurdert søknaden i medhald av Naturmangfaldslova (NML) §§ 8-12, jf. § 7. Etter ein gjennomgang av artskart, naturbase og kommunen si kjennskap til naturverdiar på Mjåtveit. Det er registrert tre raudlista artar på arealet, vipe i katefori sterkt truga (EN), stær og fiskemåke begge i kategorien nær truga (NT), jf. § 8. Det er også registrert sædgås i kategori sårbar (VU) i nærleiken. Vidare ligg Mjåtveitelva om lag 300 meter unna, her er det registrert ein naturtype og elvemusling nedstrøms i vassdraget. Stær og fiskemåke er vanlege artar å finne i kulturlandsskapet, særleg i eller nært areal der det er husdyr eller spreidd husdyrgjødsel. Ingen av dei hekker på bakken i jordbruksareal, og det er administrasjonen si vurdering at tiltaket truleg ikkje vil påverke dei negativt. Vipe står som sterkt truga og finnast ofte i jordbrukslandskapet, kor den hekkar og har næringssøk. Det har vore registrert vipe i området i fleire år, og det har vore hekking inne i området som skal fyllast på med jord. Søkjar er godt kjent med vipe, og markerer alle reir slik at det ikkje skal verte påverke verken ved ordinær jordbruksdrift eller ved jordpåfylling. Søkjar opplevde sjølv at vipe hekka inne i eit området det var tatt i mot jordmassar, og tok omsyn slik at hekking vart vellykka. Administrasjonen meiner at tiltaket kan gjerast utan at det kjem i konflikt med vipa, då søkjar er godt kjent med arten. Vidare vil ein del av tiltaket gjerast etter hekkesesongen i år.

Det er registrert sædgås på eit areal i nærleiken, dette er truleg fugl som raster under trekket, då dei ikkje hekker i dette området. Administrasjonen meiner at det ikkje vil vere i konflikt med dette, dersom det vert gjeve løyve til jordpåfylling. Her vil administrasjonen vise til at det er eit avgrensa området som skal fyllast på, og at det er andre areal som er grasdekt i nærleiken. Vidare er området mykje brukt til ferdsel, slik at det er usikkert kor attraktivt arealet er for sædgåsa.

Arealet ligg om lag 300 meter frå Mjåtveitelva som har fleire naturverdiar i vassdraget nedstrøms. Elva er sårbar for avrenning, og det er difor viktig at det ikkje kjem avrenning frå jordpåfyllingstiltak i vassdraget. Det er lagt opp til tiltak for å hindre avrenning av vatn i ein del området, samt at det er god avstand frå tiltaket til vassdraget. På den austre delen av området vil eventuelt vatn vere leda ut på eit jorde som ligg lågare enn vegane rundt. Administrasjonen meiner at tiltaket kan gjennomførast utan at det vert avrenning til vassdraget, men vil understreke at det vil bli stilt vilkår om dette. Søkjar er godt kjent med elva sine naturverdiar og handsaming av vatn i jordpåfyllingsarbeid. Søkjar opplyser sjølv i søknaden at han er elles vel kjent med naudsynte miljøomsyn, og dei krava som der vert sett. Administrasjonen vil påpeke at som eit viktig tiltak for unngå avrenning vil vere bruk av relativt tørre massar, samt at ein bør unngå arbeid med jordmassane i nedbørsrike periodar. Vidare bør arealet leggast grønt så tidleg så mulig undervegs i prosessen og haldast mest mogleg grønt gjennom arbeidet slik at ein binder partiklane i overflata av massane.

Administrasjonen meiner det ligg føre nok informasjon om naturverdiar på Mjåtveit, og at føre-var prinsippet ikkje gjer seg gjeldane, jf. § 9. Tiltaket vil kunne bidra til utbygginga i området, men administrasjonen legg vekt på at planlagd bruk på arealet, er som dagens bruk, jf. § 10. Det har vore landbruksaktivitet på arealet i lang tid. Administrasjonen meiner etter ein samla vurdering, at tiltaket ikkje er i strid med prinsippa i NML §§ 8-12.

Administrasjonen meiner at tiltaket ikkje vil føre til ulemper for naboar eller trafikantar i området på bakgrunn av at arealet ikkje går heilt inn til nabogrense, og at det i tillegg er noko tre og busk vegetasjon i grensa. Vidare skal det nyttast ein eigen veg frå fylkesveg fram til tipplass, og tiltaket vil difor ikkje føre til ulempe for anna trafikk, mjuke trafikkantar eller bebuarar.

Administrasjonen meiner etter ein samla vurdering at tiltaket er eit godt og viktig tiltak for å sikra produksjonsgrunnlaget på garden. Tiltaket vil heva kvaliteten på eksisterande areal, og sikre at dette kan nyttast og skjøttast maskinelt på en rasjonell måte. Det er naudsynt med nok gode beiteareal nært fjøset når ein driver mjølkeproduksjon, og her har søkjar ein måte å få betre beite like ved sidan av fjøset. Administrasjonen vil likevel understreke at tiltaket skal gjennomførast utan at det kjem avrenning i Mjåtveitelva, og at skisserte tiltak for avrenning gjennomførast. Det skal i hovudsak nyttast tørre avgravingsmassar, arealet skal haldast grønt og det skal ikkje gjerast arbeid som aukar faren for avrenning i nedbørsrike periodar. Vidare skal tiltaket ikkje gjere skade på steingard eller torvhus som ligg nært området.

Vedtak

"Meland kommune gjev løyve til jordpåfylling og planering på gnr. 22 bnr. 4 på Mjåtveit i Meland kommune. Løyvet gjeld berre for omsøkt areal på ca. 12 daa avmerka på kart, og tiltaket skal gjennomførast innan 01.09.2021.

Løyvet er gjeve på slike vilkår:

- Magnar Askeland står sjølv ansvarleg for at arbeidet blir utført innanfor dei rammer som lovverket sett.
- Det må berre køyrast på reine jord- og steinmassar, det skal i hovudsak vere relativt tørre avgravingsmassar. Kwart lass skal så langt som råd vere dokumentert.
- Køyting til anlegget skal berre skje innanfor normal arbeidstid.
- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med Tekninske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt fastsatt av Landbruksdepartementet.
- Tiltaket skal sikrast mot avrenning, og det skal ikkje komme avrenning frå tiltaket ned i Mjåtveitelva.
- I nedbørrike periodar må det ikkje tippast massar eller flyttast massar inne på området.
- Området skal såast til så snart det er teknisk mogeleg, og haldast grønt undervegs i arbeidet.
- Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminner § 8, 2 ledd.
- Meland kommune kan påleggje stans eller andre nødvendige tiltak for å hindre avrenning til Mjåtveitelva.
- Meland kommune skal ha skriftleg beskjed når arbeidet er avslutta.

Vedtaket har heimel i forskrift om begrensning av forurensning kapittel 4. Anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfel §§ 4-4, 4-5,4-6 og 4-8."

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen

er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om jordpåfylling og planering vedlagt kart

Mottakere:

Magnar Askeland

Rosslandsvegen 5918
293

FREKHAUG